



HAVRÅ

M U
H O

Osterøy kommune

MIH

MAJ

Havrå, 29.09.2023

Agros - 141863

Rydding ved og rundt Humlegarden til Kåre Havre

Med venleg helsing

Marit Adelsten Jensen

Avdelingsleiar

Havrå

Ryddinga av området kring humlagarden på Havrå, tok til seinvinteren 2021. Området er ein utkant på «Bødn», og målet var å knyta dette området med landskapet under

Postadresse:

Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

Besøksadresse:

Havrå
Bruvikvegen 272
5286 Haus

havraa@muho.no

55 25 10 80 - 5 | 959 14 742
Org.nr. 971 349 743



HAVRA

Geitflekken, kring humlagarden og nedre luten av Storurda, tettare saman med tunet og heimejorda, gjennom målretta skjøtsel. Området var ikkje skjøtta på lang tid; skogen var iferd med å krypa inn på bøen og skugga for slåttemarka og gamle stuvar, samt at han var i ferd med å truga humlagarden, ved evt. rotvelt. Det var også eit mål å opna opp kring gamle styvingstre i Storurda, restaurera dei og sikra dei for framtida. Her var marginal slåttemark og målet var og er å slå årvisst som ein lekk i skjøtselen.

Det fyrste me gjorde var å tynna litt i askeskogen under Geitflekken og styva ein gamal ask og ei yngre selje. Me la vekt på å fjerna trea med askeskotsjuka og let dei fleste trea stå att som emne til seinare høve. Mellom anna har me nytta askar i ettertid som emne til hovlar og langorv. Attmed humlagarden hogde me også ein hegg med lauvtrekrefte.

Største arbeidet gjekk med til å fella dei store seljestøda kring humlagarden og fleire hatlestø, samt store lysoldrar (gråor) mellom humlagarden og Storurda. Arbeidet med seljene kravde bruk av tog og talje for å hindra trea å leggja seg over sjølve humlagarden.

Seljestøda var store i rota, og var av eit slag stuvar som hadde vore styvd ei rekkje gonger ved rota. Ein heimelsmann (Johannes Torp), skildrar denne måten å stella seljene på, mellom anna med det føremålet å skaffa kipeemne.

Vidare vart mange hatlestø skorne bort, eller høvesvis, tynna, kring steinane og rudningsrøysene i Storurda, samt også kring dei gamle seljestuvane. Fleire bjørker og ein stor « eintrøing » av ei selje, vart presisjonsfelt mellom stuvane. Det vart nytta elektrisk teleskopsag for å fjerna vide greiner, og taljer for å få trea trygt ned.



Bilete frå arbeid og etter arbeid er utført mot storurda.



HAVRA

Den største, gamle seljestuven har vorte styvd stegvis fram til i dag , med godt resultat. I forkant av restaureringa hadde me Statsforvaltaren og trepleiar Sigurd Sondre på vitjing. Det var nyttig på alle måtar.



Bilete til venstre: Matias Hagenes (Havrå) rådfører seg med trepleier Sigurd Sondre om restaurering av gamal selje i Storurda. Bilete til høgre syner same treet etter restaurering.

Den andre store seljestuven vart styvd halvvegs i 2023, og lyt styvast ferdig i 2024. Han har mange fine renningar allereie, frå greinstubbane og vil greia seg godt. Også den siste seljestuven svara med mange fine renningar, sjølv om stuvane var vesal i utgangspunktet. Attåt seljestuvane, vart to gamle askestuvar og tre unge eintrøingar styvde, med godt resultat.



Bilete syner gamal vesal seljestuv som har sett mange nye renningar etter styving.



HAVRA

Tre gamle askestuvar, me var tenkt å styva er enno ustyvde, med tanke på bruk av fine emne når tida er inne. Me valde å utsetja styvinga uansett, då dei ligg for tett opptil ein annan grunneigar sin skog. Alle råd, tilseier at ein ikkje bør styva, før trea har godt med ljøs, frå alle sider.

Fleire hatlestø er enno store, sjølv etter kraftig tynning. Tanken var å skjera dei gradvis attende, noko som har vore tradisjonen fleire stader, der dei har hausta hatlestakar til hushaldet. Også av biologiske omsyn er det å føretrekkja. Det var ikkje ein god strategi likevel, slik me ser det. Allereie er det trong for å hogga meir. Døme frå andre stader på Havrå, syner at hatlestøda treng jamleg stell for å halde dei i høveleg storleik.

Ifylgje heimelsmenn (Kåre Havre med fleire), har hatlestøda alltid vokse i kring Storurda og Vadlane. Det gjev i alle høve gode grunnar for å taka vare på hatlen i kjømda.

Alt skatet frå arbeidet, vart drege bort i ei stor kåse attmed parkeringa, der dei største greinene vart sortert ut til ved, før resten vart brent.

I dag ovrar området seg, som ein venare inngangsport frå parkeringa inn til Havrå. Om sumaren utmerkar bøen seg allereie med fint slåttemarkspreg og til dels rik vegkantflora.





HAVRA

Rekneskap:

Hogging, kvisting og kapping: 135 t à kr 300	kr 40 500,-
Fjerne hogstmateriale: 30 t à kr 300	kr 9 000,-
Brenning av kvist: 15 t à kr 300	kr 4 500,-
Lage nye styvingstre: 7,5 t à kr 300	Kr 2 250,-
Bensin m.m. knytt til motorsag	kr 2 500,-
Sosiale utgifter: kr 54 pr.t * 187,5 t	kr. 10 125,-
Total kostnad:	kr. 68 875,-